

Kleiven øvre Lien og Eide

gnr. 158, 159, 160

Av Knut Raastad, mai 2026



Eidefossen.. Foto frå Oddvar Fossheim / NVE, digitaltmuseum.no

Kleiven

Kleiven vart truleg skyldsett ca. 1620. Anders Kleiven var øygardsmann og betalte i 1621 fyrstebygssel for 3 skinn, medan han året før skatta som husmann. Han betalte også bygningsskatt og landskatt i 1624.

Guttorm Jonson betalte i 1624/25 fyrstebygssel av Kleiven 3 skinn. Han betalte i 1627 tredjeårstake/holding av 3 skinn. I 1628/29 betalte Guttorm Hammer tillegg for 1 skinn for Kleven engeland som var brukt under Håmår. Dermed vart skylda auka og Guttorm betalte framover holding for Kleven engeland under Håmår 4 skinn. Dette vil seia at Kleiven vart brukt som slåttland under Håmår.

Kleiven vart i 1666 nemnd som øydegard, oppsitjar var Povel Torson f.ca.1605. Matrikkelen 1668 viser at Kleiven 4 skinn var krongods. Pouell vart også nemnd i jordebok 1661. I 1680 var det skifte etter Pofuel som da var daud. Paul var gift med Bergete Lodensdotter, dei hadde 4 barn:

- Thord
- Gunnild
- Mari
- Anne

Skoskatten 1711 nemner ikkje Kleiven. Matrikkelutkastet 1723 viser at eigar og brukar var Poul Tolstad 1652-1739.

I 1737 var det skjøte på plassen Kleven 4 skinn frå Poul Hansøn til sonen Hans Poulsen d.y. 1710-1740 for 150 rd.

Knut Poulsen Tolstad Øy 1697-1760 arva plassen Kleven 4 skinn, og i 1749 selde og skjøta han plassen til Guttorm Hammer for 300 rd. Det ser ut til at dette har vorte gjort om att.

Nørdre Kleiven

I 1760 selde og skjøta Knut Povelsen Øy og sonen Iver Knudsøn Øy 1728-1773 halve nørdre del av plassen Kleven 2 skinn til Erich Ellefsøn for 200 rd. Erik Ellefsen Pillarviken f.ca.1724 d.1774 var son til Ellef Olsen og Embjørg Thoresdtr. Erik vart 1758 gift med Marit Olsdotter f.ca.1721 d.1763. Erik og Marit hadde 2 barn:

- Eiliv f.1760
- Hans

I 1765 var det skjøte på halve Kleiven 2 skinn frå Erich Ellefsen Kleven til Thore Thoresen for 360 rd. For å markere halvparten er det nedsett fire merkesteinar. Tore Toresen Bjørnstad

ø, 1722-1795 var son til Tore Syversen Bjørnstad og Kjersti Jonsdtr. Snerle m. Tore vart 1760 gift med enkja Marit Ellefsdotter f.ca.1732 d.1803. Marit var fyrst gift med Peder Pedersen Sagstuen. Marit var frå Pillarviken dotter til Ellef Olsen og Embjørg Thoresdtr. og overtok dermed etter broren Erik Ellefsen. Tore og Marit hadde 4 barn:

Kirsten 1765-1834, neste brukar

Ellef 1769-1772

Imbjør f.1772

Peder f.1778

Kirstie Toresdotter vart i 1795 gift med soldat Lars Hansen Kvernhusbakken 1767-1832 son til Hans Larsen Kvernhusbakken f.ca.1739 d.1813 og Synnev Olsdtr. Hammer n. f.ca.1692 d.1777. I 1795 var det skjøte frå Tore Toresen til Lars Hansen på 2 skinn i Kleiven for 194 rd. Husa stod fram til 1826 opp og sør for husa som er nå, der det er nokre store steinar. Lars og Kirstie hadde 4 barn:

Thore 1795-1796

Marit f.1797-1872, ugift, hadde med Erland Erlandsen Lien sonen Per 1831-1922

Hans 1801-1886, ugift, hadde med Mari Olsdtr. Snerleeie sonen Ole f.1826 som drukna

Peder 1805-1892, neste brukar

Ved skifte etter Lars Hansen i 1832 fekk sonen Peder Larsen utlagt Kleiven 2 skinn til seg. Peder Larsen Kleiven 1805-1892 var gift med Thora Knutsdotter Nyehusene, Sel 1812-1869. Peder og Thora hadde 8 barn:

Ingrid, 1834-1910, til Kjølstad. Ugift, hadde med Ole Olsen sonen Peder Olsen Kleiven
Kjølstad f.1865

Marit 1836-1923, g.m. Tore Eriksen Randen 1831-1917. Randen søre i Ottdalen.

Kari 1838-1930, g.m. Hans Arnesen Sagdalen 1826-1898.

Imbjør 1841-1926, g.m. Hans Syversen Plassen Snerleeie 1833-1913. Til Rusten i Ottdalen

Mari 1843-1924, g.m. Peder Olsen Fossen 1852-1935.

Tora 1845-1845

Lars 1847-1905, neste brukar

Knut f.1850, til USA i 1879.

Lars Pedersen Kleiven f.1847 var gift med Brit Olsdotter Snerleeie Plassen 1850-1929 dotter til Ole Syversen Snerleeie Plassen 1827-1867 og Mari Christensdtr. Bjørnstad 1822-1880.

Lars og Brit hadde 10 barn:

Peder 1872-1873

Thorø 1874-1917, ugift, hadde 3 barn: Tor Jakobsen, Ole Andersen, Ragnvald Andersen

Ole 1877-1836, neste brukar

Marit 1880-1918, ugift, til Raufoss, hadde med Ola Flatmo sonen Ivar Sandbakken 1915-1987

Pauline 1883-1960, g.m. Andruw Walters 1873-1947. Til USA i 1905.

Knut 1885-1962, g.m. Johanne Buom, Skåbu 1888-1974. Til Breinstad.

Ragnhild f.1888, g.m. Knut A Braaten 1887-1931.

Syver 1890-1968, g.m. Karen Tobiasen, Fåberg 1895-1981.

Borghild 1892-1964, g.m. Knut Saure. Til USA i 1916.
Peder 1896-1963, g.m. Marit Iversdtr. Tolstadløkken 1901-1925

Ola Kleiven 1877-1936 var gift med Ingeborg Svelstad, Sel 1879-1932 dotter til Ole Pedersen Svelstad, Sel 1854-1936 og Brit Olsdtr. Haugstulen 1854-1853. Ola og Ingeborg hadde 9 barn:

Ola 1904-1986, neste brukar
Borghild 1906-1995, g.m. Ola Eide 1901-1984. Søre Eide.
Lina 1907-1965, g.m. Hans Hanslien 1897-1977
Gudrun 1909-1978, til søre Haugen
Pål 1911-1992, g.m. Anne Haugen n. 1910-1939, g.2. Olga Markussen, Harstad 1925-2014
Barbro 1914-2001, g.m. Sigurd Pedersen Eide 1908-1982. Nørdre Eide.
Hans 1917-2000, g.m. Inga Johanne Sveen 1916-2003
Mathias 1920-1986, g.m. Ingrid Lovise Slåen, Otta 1924-2012. På Otta.
Marit 1924-1926

Ola overtok etter faren i 1936. Ola vart 1930 gift med Ragnhild Rindhølen, Heidal 1908-1982 dotter til Edvard Hansen Leirflaten 1876-1966 og Ingeborg Hansdtr. Rindhølen 1884-1957. Ola og Ragnhild hadde 13 barn:

Ingrid f.1931, g.m. Håkon Rusten 1927-2000. På Lalm
Inger 1932-2012, g.m. Daniel Martin Danielsen, Meråker 1928-1990. I Vågåmo.
Olaf 1933-2016, g.m. Mary Skagseth, Børsa Sør-Trøndelag 1933-2012. Til Buvika
Lars f.1934, neste brukar
Gunvor f.1937, g.m. Leif Inge Skogstad 1927-2013. På Lalm.
Arne 1938-2004, g.m. Luciana Lasola, Filipinene 1939-2022. På Lalm.
Olga f.1941, g.m. Sverre Jonsen, Isfjorden f.1933. I Isfjorden
Reidun f.1942, ug. Til Oslo.
Birger f.1945, g.m. Astrid Rindhølen f.1949. I Heidal.
Svein f.1946, g.m. Åse Enget, Harpefoss f.1949
Gunnar f.1948, g.m. Kari Rustbakken, Heidal f.1953, g.2.m. Ysidra Morrobel Gonzalez, Den Dom. Rep, f.1956. Til Trondheim
Terje f.1950, g.m. Rita Grande Martinsen, Elverum 1955-2009, g.2.m. Therese Renaa, Jessheim f.1970. På Lalm.
Marit 1955-2003. I Vågåmo.

Lars vart 1965 gift med Jorunn Rindhølen, Heidal 1946-2019 dotter til Otto Hansen Rindhølen 1900-1988 og Kari Olsdtr. Brenden 1907-1988. Dei har 2 barn:

Ola f.1965, sbm. Oddveig Wold
Øystein f.1979, neste brukar

Øystein overtok i 2002. Han er gift med Åsta Røhr f.1981.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Jakup Skjedsvoll: skattelister 1600-talet
Svein Kleiven: notat slekt

Søre Kleiven

Knut P Øy selde i 1755 søre Kleiven 2 skinn til Mikkell Perssen for 360 rd. I 1760 selde kongen løysingsretten til Kleiven 4 skinn til Iver Knutsen Øy og Michel Pedersen for 58 rd. Michel Pedersen f.ca.1723 var i 1801 ugift gardbrukar. Ved gardsalg i 1803 vart Michel nemnd som Lien. Michel var son til Peder Michelsen øvre Lien og Mari Johansdtr. Michel var eigar av øvre Lien som han truleg overtok i 1763, han selde den garden i 1789.

Mikkell Persen Lien v/verje lensmann Knut Trosdal selde i 1803 Kleiven 2 skinn til Kristen Iversen Snerle v/faren Iver Snerle for 599 rd. Iver Christensen Snerle 1768-1856 var frå Bjørnstad n., son til Christen Pålsen 1723-1798 og Mari Olsdtr. Sandbu ø-s 1727-1807. Iver var gift med Ingrid Jakobsdotter øvre Dale 1770-1859, ho var tidlegare gift med Hans Hansen Snerle d.1799 og hadde fleire barn med han. Iver og Ingrid dreiv sygard Snerle som i 1817 vart skjøta over til sonen hennar. Iver og Ingrid hadde 6 barn:

Christen f.1801, til Veøy i Romsdalen

Jakob 1803-1884, neste brukar

Hans 1807-1880, g.m. Marit Torgersdtr. Kruke 1805-1885

Pål 1810-1867, g.m. Marit Iversdtr. Blessum 1803-1877, til Ulsvolden

Mari 1815-1815

Kari

Jakob Iversen overtok i 1832 Kleiven 2 skinn frå faren Iver Christensen for 20 spd., innbu og besetning 20 spd. og føderåd til foreldra Iver og Ingrid verdsett til 60 spd. Jakob var gift med Brit Knutsdotter Svarvarhaugen 1824-1916, dei hadde 5 barn:

Ivar 1854-1934, neste brukar

Marit 1858-1926, g.m. Paul Nygaard 1856-1933

Iver 1861-1926, g.m. Anne Hansdtr. Ulmo 1868-1915

Pål 1864-1936

Hans 1867-1943, seinare brukar

I 1884 var det skjøte på Kleiven frå Jakob Iversen Kleiven til Ivar Jakobsen Kleiven for kr 4000. Mora Brit skulle ha føderåd. Kleivlien gnr. 158 bnr. 3 vart frådelt i 1905, dette var areal som Ivar Kleiven heldt att saman med sætra da han selde garden. Jakob H Kleiven fekk i 1937 skjøte på Kleivlien og Kleivsætra frå dødsbuet til Ivar Kleiven for kr 6000. Øvre Løkken gnr. 158 bnr. 7 vart frådelt frå Kleivlien i 1930. Attverande gnr. 158 bnr. 3 er eit mindre areal ovanfor øvre Lykkja.

I 1905 var det skjøte på Kleiven gnr. 158 bnr. 1 frå Ivar Kleiven til broren Hans Kleiven for kr 5500. Hans var gift med Anne Jakobsdtr. Selsjord 1864-1953, dei hadde 2 barn:

Jakob 1901-1996, g.m. Rønnaug Olousdr. Sørlien 1900-1966
Marit 1903-1992

Ein parsell Nygaren gnr. 158 bnr. 4 vart frådelt i 1905 med skjøte i 1906 frå Hans Jakobsen til Knut Paulsen Trosdahl for kr 2000. I 1915 skriv Ole Ellefsen Larsløkken ut ein panteobligasjon på kr 1800, så da var nok han reell eigar av Nygaren. I 1923 var det skjøte frå Ole Ellefsen vedteke av Knut Trosdal til Gina Løkken for kr 8000.

Løkken gnr. 158 bnr. 5 vart frådelt frå Nygaren i 1915 med skjøte i 1916 frå Knut Trosdahl til Paul Oluf Olsen Larsløkken for kr 2500. John Ellefsen vart på 1930-talet eigar av både bnr. 4 og 5, dette er nedre Lykkja.

I 1917 var det skjøte på søre Kleiven gnr. 158 bnr. 2 frå Hans Jakobsen Kleiven til AS Eidefoss kraftanlegg for kr 25000.

I 1921 var det odelsløysingsskjøte frå AS Eidefoss kraftanlegg til Paal Th. Nygaard for løysingssummen kr 27000.

I 1920 var Gabriel R Kvamme, Lom f.1861 forpaktar av søre Kleiven. Gabriel var gift med Anne Andersdotter Lunna/Visdal, Lomf.1875, dei hadde 3 barn:

Tora f.1906
Anders f.1909
Anne f.1910

I 1924 vart det inngått leigekontrakt til Magnus og Hans O Hanslien og året etter i 1925 var det skjøte til dei same frå Paal Th Nygaard for kr 32000 inkl. lausøyre kr 2000. I 1938 var det skjøte frå Hans O Hanslien til broren Magnus Hanslien på sin andel av Kleiven, Magnus vart dermed eineigjar. Magnus Hanslien 1900-1987 var son til Ola Hanslien og Ragnhild Steine. Magnus vart 1946 gift med Ragna Hole, Skjåk 1912-1990, dei hadde 6 barn:

Ragnhild f.1946
Ola f.1948
Bergljot Ingegerd f.1949
Inge f.1952, neste brukar
Svanhild f.1954
Eldbjørg f.1956

Inge overtok etter faren i 1977. Inge kjøpte nørde Randen i 1977.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Tolstad

Nedre Lykkja

Husmannspengar til kyrkja i 1776, 1778 og 1780 nemner Christen Lykken, dette var truleg her. Christen f.ca.1727 d.1789 hadde 1 barn:

Iver f.1778

Gulbrand Olsen Lien Sørlien 1765-1818 overtok Sørlien i 1805, i 1797 og 1800 var dei på Ryen. I 1801 var Gulbrand husmann under Kleiven, men det er usikkert om det var her.

Gulbrand vart 1794 gift med Berte Iversdotter f.ca.1771 d.1857, dei hadde 6 barn:

Mari f.1794, g.m. Ener Jonsen Bachum

Marit f.1797

Ole f.1800, neste brukar

Iver f.1804, g.m. Rønnaug Thoresdtr. Bjølstadeige 1809-1868. Til Kleivsetten og Slettmo.

Iver, f.ca.1808

Hans, f.ca.1808, g.m. Mari Jakobsdtr. Til øvre Øygarden.

Iver Jonsen Sandbo f.ca.1796 d.1859 vart 1821 gift med Kari Olsdotter Øyseige 1800-1870. Ved barnefødsler var Iver og Kari husmannsfolk på Veggumseige i 1827, medan dei i 1834 var husmannsfolk på Lykken under Kleiven. Iver vart nemnd under Kleiven i liste over husmannspengar i 1833 og 1834. Lista for 1832 nemner Jon Jonsen Lykken, men det kan vera feilskrivni førenamn. Kari var 1865 og 1875 føderådskone. Iver og Kari hadde 4 barn:

Anne f.1821

Ole f.1824

John 1827-1915, neste brukar

Thor f.1834, til Nerlien

John Iversen var i 1865 og 1875 husmann med jord på nedre Lykkja. I 1900 var John føderådsmann. John vart 1853 gift med Anne Johannesdotter Myrum 1828-1891 dotter til Johannes Hansen Myrum. John og Anne hadde 7 barn:

Kari 1855-1862

Iver f.1858

Johannes f.1860

Kari f.1864

Rønnoug f.1868, g.m. Knut Olsen Haugen 1872-1937, til Furuheim

Ole f.1872, til Nerlien

Hans 1876-1878

Ein parsell Nygaren gnr. 158 bnr. 4 vart frådelt frå søre Kleiven i 1905 med skjøte i 1906 frå Hans Jakobsen til Knut Paulsen Trosdahl for kr 2000. I 1910 var sonen Paal Th. Nygaard, Sel f.1858 jordbrukar og forpaktar på Nygaren, han var også folkeskulelærer. Paal var gift med Marit Jakobsdotter Kleiven 1858-1926, dei hadde 4 barn:

Knut f.1887

Karen Borghild f.1892

Ivar Karsten f.1898
Olav Jakob 1898-1899

I 1915 skriv Ole Ellefsen Larsløkken ut ein panteobligasjon på kr 1800, så da var nok han reell eigar av Nygaren. Det stemmer med opplysning i Norske gardsbruk om at han kjøpte bruket i 1914. Ole E Løkken, Heidal f.1868 var gift med Ragnhild Hansdotter, Heidal f.1854.

Ole og Ragnhild hadde 5 barn:

Gina f.1883
Even f.1885
Jon 1887-1950, neste brukar
Tea f.1891
Paul Oluf f.1896

Løkken gnr. 158 bnr. 5 vart frådelt frå Nygaren i 1915 med skjøte i 1916 frå Knut Trosdahl til Paul Oluf Olsen Larsløkken for kr 2500. I 1923 var det skjøte på gnr. 158 bnr. 4 frå Ole Ellefsen vedteke av Knut Trosdal til Gina Løkken for kr 8000. Det ser likevel ut til at det var faren til Gina og Paul Oluf som stod for desse eiedommene.

Sonen John O Larsløkken, Heidal 1887-1950 overtok både bnr. 4 og 5, etter Norske gardsbruk overtok han i 1928. Han vart nemnd som John Ellefsen i samband med gjeldsordning i 1935 og auksjonsskjøte i 1937. John vart 1917 gift med Inga Rusten 1894-1933 dotter til Jo Olsen Teigen og Toline Rusten. John og Inga hadde 6 barn:

Ola f.1918
Hans 1919-1980
Ragnhild f.1921, g.m. Per Baarstad 1897-1978. Øvre Lien.
Trygve f.1923, neste eigar
Pål f.1927
Knut f.1930

Trygve overtok etter faren i 1950. Trygve var gift med Marit Rakkstad, dei hadde 1 barn:
Asbjørn 1960-1996

Magnus O Løkken 1915-1990 overtok nedre Lykkja frå Trygve Løkken i 1960, og Trygve overtok samtidig huset til Magnus ved Eidefossen. Magnus var frå øvre Lykkja son til Ola O Sagstuen Løkken, Heidal f.1865 og Mari Hansdr. Rusten f.1869. Magnus vart 1937 gift med Lise Kleiven 1916-1985 dotter til Knut Kleiven og Johanne Buom, Nord-Fron. Magnus og Lise hadde 5 barn:

Oddveig f.1938, g.m. Magne Nilsen, g.2.m. Ivar Langlie
Knut 1940-1983
Kåre f.1944, var g.m. Solveig Bjørnvolden
Harald f.1948
Svein f.1952, neste brukar

Svein overtok i 1987. Han vart 1974 gift med Rosita Osbakk, Bodø f.1958 dotter til Bjarne Osbakk f.1935 og Bjørg Os f.1939. Svein og Rosita har 4 barn:

Bente f.1973, sbm. Roar Eide
Lisbeth f.1977
Tor Arne f.1981, neste brukar
Ragnhild f.1984

Lykkjegrende 47, Klevro gnr. 158 bnr. 11 vart 1951 frådelt frå søre Kleiven med skjøte frå Magnus Hanslien til Hans J Løkken 1919-1980. Grinnheim gnr. 158 bnr. 10 vart 1950 frådelt frå nedre Løkken gnr. 158 bnr. 4 med skjøte frå Trygve Løkken til Hans J Løkken 1919-1980. Borghild Løkken overtok ved uskifte. Same året var det skjøte til sonen Jan Ivar Løkken f.1949. Jan er gift med Astrid Marie Sveen f.1958.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øvre Lykkja

Husmannspengar til kyrkja 1776, 1778 og 1780 nemner Thore Løkken. Tore Hansen vart 1765 gift med Imbjør Pedersdotter f.ca.1744 d.1809. I 1801 var Imbjør Pedersdotter f.ca.1743 enkje på plass under Kleiven. Tore og Imbjør hadde 3 barn:

Hans 1768-1799, gift i 1798 med Randi Hermannsdtr. f.ca.1767 d.1847
Peder f.1776
Mari f.ca.1779 d.1826, neste brukar

Mari Thoresdotter vart 1803 gift med Peder Christensen f.ca.1773 d.1852. Mari vart nemnd som husmannskone da ho døydde i 1826, Peder var føderådsmann da han døydde i 1852. Peder og Mari hadde 1 barn:

Thore 1804-1892, neste brukar

Thore Pedersen Snerleeige 1804-1892 vart 1826 gift med Anne Olsdotter Bjølstadeige (Fossen i Heidal) 1804-1891. Ved barnefødsjar var dei frå 1831 på Kleiveneige. I liste over husmannspengar vart han i 1832 nemnd som Thore Lykken. Thore var i 1865 føderådsmann på Løkken. Thore og Anne hadde 4 barn:

Hans f.1828, neste brukar
Mari f.1831
Ole f.1835
Ymbjør f.1841

Hans Thoresen Løkken Kleiveneige vart 1853 gift med Mari Østensdotter Hovdet, Heidal f.ca.1833 dotter til Østen Syversen Hovdet. Hans var i 1865 og 1875 husmann med jord på øvre Løkken. Hans og Mari hadde 6 barn:

Anne f.1854
Mari f.1857
Thore f.1860
Marit f.1864
Imbjør f.1867
Anne f.1874

Kleivlien gnr. 158 bnr. 3 vart i 1905 frådelt frå søre Kleiven, dette var areal som Ivar Kleiven heldt att saman med sætra da han selde garden. Øvre Løkken gnr. 158 bnr. 7 vart frådelt frå Kleivlien i 1930. Jakob H Kleiven fekk i 1937 skjøte på attverande gnr. 158 bnr. 3 Kleivlien og Kleivsætra frå dødsbuet til Ivar Kleiven for kr 6000.

Det som var att av Kleivlien var eit mindre areal ovanfor øvre Lykkja der Nystugu låg. I 1984 var det skjøte på dette gnr. 158 bnr. 3 til Ragnar O Løkken f.1939.

Ole Olsen Mo Sagstuen Sletmo, Heidal f.1865 var son til Ole Olsen. Forpaktar Ole f.1865 vart 1899 gift med Mari Hansdotter Rusten f.1869 dotter til Hans Syversen Plassen Rusten 1833-1913 og Imbjør Pedersdtr. Kleiven 1841-1926. Ole og familien vart i folketeljinga oppgjeve å vera gardbrukarar på bnr. 5 som er ein del av nedre Løkken, men dette kan vera feil i og med at det står øvre Løkken. Ole og Mari hadde 6 barn:

Kari f.1892
Hans f.1899, g.m. Petra Brennhaug. Spellmannstugu.
Ola f.1902, neste brukar
Ingvald 1905-1968, g.m. Mari Fossen f.1911. På Orrhaugen.
Rønnaug f.1909
Magnus 1915-1990, g.m. Lise Knutsdtr. Kleiven 1916-1985. Til nedre Lykkja

Ola O Løkken overtok etter faren i 1933. Ola 1902-1958 vart 1931 gift med Anne Nerlien 1900-1973, dei hade 4 barn:

Olaf f.1932, g.m. Margit Pålstr. Randen søre f.1936
Ottar f.1933, g.m. Martha Eide 1939-2002
Ragnar f.1939, neste brukar
Reidar f.1939

Ragnar overtok i 1962. Ragnar vart 1981 gift med Jorunn Baarstad f.1947 frå øvre Lien dotter til Per Baarstad f.1987 og Ragnhild Ellefsen f.1921. Ragnar og Jorunn har 3 barn:

Anne Randi f.1982, neste eigar
Oddrun Pauline f.1983
Jo Rune f.1986

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Nystugu

I 1865 er Nystugu oppført under løpenummer på søre Kleiven, dette låg ovanfor øvre Lykkja, vest for Orrhaugen. Østen Erlandsen øvre Lien f.ca.1786 d.1852 var son til Erland Lien. Østen var blind og fekk føderåd i Lien frå 1815. Østen vart 1838 gift med Ingri Rasmusdatter Bjørnstad f.ca.1795 d.1871. Østen og Ingri budde i Nystugu. I 1865 var Ingri føderådskone i Nystugu, ho døydde der i 1871. Østen og Ingri hadde 1 barn:

Erland f.1837, neste brukar

Erland var i 1865 husmann med jord.

I 1865 var også Peder Thorsen husmann og forpaktar i Nystugu. Peder 1812-1910 var frå øvre Bjørnstad, faren Thor Erlandsen var bror til Østen her i Nystugu, og mora Gunhild var syster til Ingri. Peder vart 1858 gift med Imbjør Johannesdatter Myrum, Sel 1837-1923 og dei hadde 7 barn. Ved barnefødsler fram til 1862 budde familien på Myrum, og frå 1866 på Bårstad. Demed var dei stutt tid i Nystugu.

I følge John Amundgaard budde Mari og Per Fossen her ei tid, «då vart huset nere på å bli teke tå sjog-skriu». Dei siste som budde her var Ymbjørg og Per Baarstad. Dei flytte stugu til Ekrun på Lalm og busette seg der for ei tid.

Nystugu var ein del av Kleivlien gnr. 158 bnr. 3 som i 1905 vart frådelt frå søre Kleiven, dette var areal som Ivar Kleiven heldt att saman med sætra da han selde garden. Øvre Lykkja som vart frådelt i 1930 var ein annan del av Kleivlien. Attverande areal av gnr. 158 bnr. 3 var det som var Nystugu, i 1937 fekk Jakob H Kleiven skjøte på dette og Kleivsætra. I 1984 var det skjøte på Nystugu gnr. 158 bnr. 3 til Ragnar O Løkken f.1939 og det kom dermed saman med øvre Lykkja.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend

Rusten

Det er tomter litt lenger nord enn der husa stod, truleg starta dei der men fann ut at det var rasfarleg. Lars Andersen Svenstad f.1755 var son til Anders Olsen Svendstad f.ca.1713 d.1773 og Anne Andersdatter f.ca.1719 d.1779. Lars vart 1790 gift med Ymbjørg Arnesdatter

Runningen 1766-1848. Dei kom til Rusten under Kleiven og Lars vart nemnd som husmann med jord under Kleiven i 1801. Lars og Ymbjør hadde 8 barn:

Anders 1786-1787

Anders f.1788

Arne f.1791

Ole f.1794

Ole 1797-1877, g.m. Anne Arnesdtr. Prestgardseiet Pressmo 1796-1867. Til Pressmo.

Thord f.1800, neste brukar

Hans f.1801

Ingri f.1805

Lars Rusten vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832 og 1834. I familieark i Opplandsarkivet er det oppført at Lars døydde i 1814 60 år gammal, men dette kan ha vore ein annan Lars Andersen; Eller at husmannen i 1832-1834 var ein annan enn Lars Andersen.

Thor Larsen Kleiven i Otdalen 1800-1882 vart 1842 gift med Marit Eriksdotte Fossen f.ca.1817 d.1880 dotter til Erik Lundehagen. Thor og Marit vart nemnde som Snerleeige eller Kleiveneige frå 1843. Thor var i 1865 husmann med jord, i 1875 føderådsmann. Thor og Marit hadde 3 barn:

Imbjør f.1843, ho hadde sonen Thor Larsen f.ca.1864

Anne 1845-1845

Lars f.1848

Hans Syversen Plassen 1833-1913 var son til Syver Olsen Plassen. Hans vart 1856 gift med Mars Hansdotter Pillervigen f.ca.1834 d.1863. Hans og Mari budde som inderstar i Pillarviken. Dei hadde 2 barn:

Thor 1855-1863, omkom i brann

Else 1861-1863, omkom i brann

Hans vart 1870 gift på nytt med Imbjør Pedersdotter Kleiven 1841-1926 dotter til Peder Larsen Kleiven. Hans var nok kome til Rustan i 1869 for han vart da nemnd som Kleiveneige. Hans og Imbjør hadde 3 barn:

Mari f.1869, g.m. Ole Olsen Sagstuen f.1865. Til Øvre Lykkja.

Toline 1872-1958, neste brukar

Syver f.1878, g.m. Ingebjørg Slettmo f.1885. Til Rugsveen.

Toline vart 1901 gift med John Olsen Hovde f.1859 son til Ole Knutsen Hovde 1831-1900 og Imbjør Olsdtr. Ekreeige 1833-1917. I 1920 vart Johan nemnd som småbrukar. Rusten vart aldri frådelt frå søre Kleiven. Toline var den siste som budde der, og da ho flytta frå gjekk bruket attende til Kleiven. John/Johan og Toline hadde 2 barn:

Hans 1900-1934, g.m. Anne Baarstad f.1901

Knut f.1902

Toline hadde før ekteskapet med John Olsen Teigen, Sjørdalen f.1870 1 barn:

Inga 1894-1933, g.m. John O Larsløyken, Heidal 1887-1950. Nedre Lykkja.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984, Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda

Ommonlykkja – Rusten

I 1865 var det to husmenn med jord i Rusten under Kleiven, så da var det to bruk som vart kalla Rusten. Amund Knutsen Hougen Svarvarhaugen 1827-1918 var son til Knut Knutsen Hougen 1788-1866 og Marit Steinarsdtr. Stokstadnesset n. 1784-1868. Amund vart 1853 gift med Rønnog Johnsdotter Rottem f.ca.1828 d.1916 dotter til John Hansen Rottem. Familien var ved barnefødsjar i 1853 på Eideeie, i 1859 og 1864 på Kleiveneie og på Rusten under søre Kleiven der dei var i 1865. I 1868 var familien på Snerleeie som kan vera det same. John Amundgaard skreiv at dei rydda ein plass i søre Kleivmorken som vart kalla Ommonlykkja og bygde og budde der ei tid. Ommonlykkja / Rusten låg ovanfor vegen mellom Randen og Brekkevegen. I 1875 var Amund husmann i Løvrusten og i Norske gardsbruk er det opplyst at slekta har vore i Lauvrusten frå 1867. Amund og Rønnog hadde 5 barn:

Poul f.1852, til Amerika

Knut f.1853, til Amerika

Barbro f.1859, ugift i Lauvrusten i 1900

John f.1864, til Amerika

Iver 1868-1927, neste brukar

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984, Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda

Randen nordre

Hans Knutsen Bjørnstadeige f.ca.1809 d.1878 vart 1830 gift med Marit Arnesdotter Østremseige 1808-1883. Ved barnefødsjar vart dei nemnde som husmannsfolk på Randen under Snerle eller Kleiven frå 1834 og nemnd under Kleiven i liste over husmannspengar i 1834. Hans var i 1865 husmann med jord, i 1875 var han føderådsmann på nordre Randen. Hans og Marit hadde 5 barn:

Ingri f.1830

Arne 1834-1852

Knut f.1837

Johanna f.1841, seinare brukar

Hans f.1844

I 1875 var Ole Olsen husmann på Randen. Ole Olsen Bjølstadeige f.ca.1832 var son til Ole Thorsen Bjølstadeige. Ole vart 1859 gift med Anne Christensfotter Rottenseige f.ca.1833 dotter til Christen Thorsen Rottenseige. Ved barnefødsler var Ole og Anne på Rottenseige i 1870 og på Kleiveiege i 1874. Ole og Anne hadde 5 barn:

Kari f.1857
Christian f.1860
Ole f.1863
Oline f.1870
Ingeborg f.1874

I 1900 og 1910 var Paul Paulsen f.1843 husmann med jord på Randen. Paul Paulsen Karlstad eller Steinfinnsbøeige 1843-1917 var son til Paul Paulsen Karslstad. Paul vart 1874 gift med Johanne Hansdotter Randen 1841-1926, dermed hadde den gamle familien overteke att. Enkja Johanne Randen f.1840 var i 1920 husmor og stelte huset for dottersonen Hans. Paul og Johanne hadde 3 barn:

Paul 1872-1876
Marit f.1874, hadde sonen Hans 1902-1979 som vart neste brukar
Hans 1878-1890

Nørdre Randen gnr. 158 bnr. 8 vart 1938 frådelt frå søre Kleiven, og Hans O Randen kjøpte Randen av Magnus Hanslien. Hans 1902-1979 var son til Ola Syversen Harildstadeie f.1875 og Marit Randen f.1873. I 1920 var Hans husmann på Randen. Hans vart 1935 gift med Borghild Kleiven f.1912. Randen vart fråflytta i 1957. Hans og Marit hadde 1 barn:

Hildur f.1944

Inge Hanslien kjøpte Randen i 1977, bruket kom dermed saman med søre Kleiven att.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984, Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda

Randen søre

Erik Thoresen Tolstadeige f.ca.1800 d.1882 var son til Thore Tolstadeige. Erik vart 1830 gift med Kari Thorsdotter Reiten 1809-1895. Erik vart nemnd under Kleiven i liste over husmannspengar i 1832. Da sonen gifta seg i 1858 vart Erik nemnd som Randen. Erik og Kari hadde sonen:

Thore 1831-1917, neste brukar

Thore vart 1858 gift med Marit Pedersdotter Kleiven 1836-1923 dotter til Peder Larsen Kleiven. Thore vart 1865, 1875, 1900 og 1910 nemnd som husmann med jord. Enkja Marit P Randen f.1836 var i 1920 husmor og stelte huset for sonen. Thore og Marit hadde 4 barn:

Erik 1858-1866

Kari f.1859

Peder f.1862, neste brukar

Torø 1864-1936, ugift. Budde på Randen.

Søre Randen gnr. 158 bnr. 6 vart 1917 frådelt frå søre Kleiven med skjøte frå Hans J Kleiven til Peder T Randen for kr 1400. I 1920 vart Peder nemnd som gardbrukar.

I 1927 var det skjøte frå Peder Randen til Knut Larsen Kleiven for kr 2500 samt føderåd til Peder og systera Torø Randen verdsett til kr 2500.

I 1934 var det auksjonsskjøte til Ingvald og Ole Løkken og Knut Rusten d.1937 for kr 1100.

I 1935 var det skjøte frå Ingvald og Ola Løkken og Knut Rusten til Ragnhild Rugsveen for kr 1400 samt overtaking av føderåd til Torø Randen. Ragnhild Rugsveen 1908-1991 var dotter til Syver Rugsveen og Ingebjørg Slettmo. Ragnhild vart 1936 gift med Pål Sletten 1906-1985. Ragnhild kjøpte i 1938 Randen gnr. 158 bnr. 6 av Ola Løkken og Knut Rusten. Ragnhild og Pål hadde 2 barn:

Margit f.1936, g.m. Olaf Løkken f.1932

Ingrid f.1950, g.m. Magne Biløygard, Lom f.1950

Margit og Ingrid overtok med skjøte i 1985.

Jorda vart overdrege til øvre Lykkja gnr. 158 bnr. 7. Gardstunet gnr. 158 bnr. 20 vart frådelt i 1992. Jonny Skogum f.1960 kjøpte gardstunet av Margit Løkken og Ingrid Biløygard. Jonny er son til Arne Skogum f.1940 og Oddbjørg Standal, Florø f.1942. Jonny var sbm. Ingrid Lien, Heidal f.1970 dotter til Svein Lien f.1940 og Aase Granli f.1944, dei har 2 barn:

Simen Andre f.1991

Ole Kristian f.1993

Knut Ola Berget f.1980 har heimel til gardstunet gnr. 158 bnr. 20 frå 2012.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Lilleodden

Lilleodden låg synst i det som nå er jordet i søre Kleiven. I 1848 var det skjøte på Hanslien til Ole Larsen Odden. Ole Larsen Lien 1810-1866 var son til Lars Brustugun f.ca.1778 og Anne Jonsdtr. Ole Odden vart nemnd under Kleiven i liste over husmannspengar i 1832, 1833 og 1834. Ole var gift med Marit Knutsdotter Svarvarhaugen f.1811, dotter til Knut Knutsen Svarvarhaugen 1788-1866 og Marit Stenersdtr. Nettet n. 1784-1868. Ole og Marit var på Lilleodden i 1843, seinare i Hanslien. Ole og Marit hadde 2 barn:

Lars 1841-1844

Marit 1843-1914, g.m. Erik Iversen Hjellum, Sel 1831-1925

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Odden

Odden låg sør for husa i søre Kleiven.

Husmannspengar til kyrkja 1776 viser Ole Odden under Kleiven.

Thord Andersen f.ca.1751 var i 1801 husmann med jord under Kleiven. Thord var frå Svenstad son til Anders Olsen Svendstad f.ca.1713 d.1773 og Anne Andersdotter f.ca.1719 d.1779. Thord vart 1785 gift med Eli Olsdotter d.ca.1800. Thord og Eli hadde 5 barn:

Anders 1786-1789

Ole f.1787

Marit 1789-1789

Anders 1790-1863, g.m. Barbro Olsdtr. Valbjørslykkja f.1796. Til Tassmyrhaugen.

Syver f.1796

Thor vart 1800 gift på nytt med Kari Knutsdotter f.ca.1761 d.1838, dei hadde 1 barn:

Knud f.ca.1800 d.1881, g.m. Kari Olsdtr. Prestgardseige f.ca.1801 d.1870. Til Bjørgestugu i Holongsøyen. I åra 1827 til 1834 budde dei på Odden.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øvre Lien

Koppskatten 1645 nemnde Loden Øfferli og hans hustru. Loden Offuerlid betalte i 1621-22 fyrstebygssel av øydeplassen Øverlie som nyleg var skyldsett som krongods 2 skinn. Loden betalte fyrstebygssel fram til 1660-61. Loden skulle fyrst ha starta på eit jordstykkje ovanfor Svarvarhaugen som heiter Liaruste. Loden hadde 5 barn:

Gulbrand f.ca.1610 d.ca.1698, neste brukar

Iver

Jon f.ca.1625

Berte

Mari

I 1666 var Gulbrand Lodensøn oppsitjar på Øverlien øydegard 2 skinn, matrikkelen 1668 viser at dette var krongods. Gulbrand betalte fyrstebygssel frå 1663, og også i 1642-43 midt i perioden som faren var brukar. Gulbrand vart også nemnd som brukar i jordebok 1661. Gulbrand Øverlien kjøpte i 1681 plassen Øverli 2 skinn frå Jakob Austrem for 20 rd. Arvingane til Gulbrand var systrene Berte og Mari samt barna til broren Iver: Sven, Siver, Anne og Anne.

Skoskatten 1711 nemnde Johanes Øfverlie med kvinne og eitt barn. Matrikkelutkastet 1723 viser at eigar og brukar var Johannes Pedersen.

I 1757 var det Peder Michelsen øvre Lien som lånte og pantsette garden sin øvre Lien, da var garden sett i 7 skinn. Peder Michelsen var gift med Mari Johansdotter, dei hadde 4 barn:

Michel f.ca.1723, neste brukar.

Lars f.ca.1730

Mali, g.m. Christen Olsen Lykken

Ambjør f.ca.1744

Skifte etter foreldra skjedde i 1763 så kanskje overtok Michel Pedersen da. Michel kjøpte i 1755 søre Kleiven og var gardbrukar der i 1801.

I 1789 selde og skjøta Michel Pedersen øvre Lien garden sin øvre Lien til Hans Hansen Snerle for 500 rd.

I 1794 selde og skjøta Hans Hansen Snerle garden øvre Lien 7 skinn til Erland Pedersen Hammer for 599 rd. Erland Pedersen f.ca.1742 d.ca.1803 var son til Per Langrusten f.ca.1704 d.1786 og Marit Østensdtr. f.ca.1703 d.1784. Erland var gift med Embjør Larsdotter Stade s f.1753 dotter til Lars Nilsen søre Stade f.ca.1712. Familien budde tidlegare i Langrusten i Heidal og uppigard Håmår. Erland og Imbjør hadde 11 barn:

Peder f.ca.1772, neste brukar

Anne f.1776

Lars f.ca.1778, g.m. Anne Jonsdtr. Brustugun på Lalm

Marit f.1780, g.m. Poul Torstensen Kjølstad
Guttorm f.1783-1864, g.m. Brit Pedersdtr. nedre Rusten i Heidal. Til Langrusten.
Østen f.ca.1786, blind, g.m. Ingri Rasmusdatter Bjørnstad f.ca.1795. Nystugu på Lalm.
Tord f.ca.1788 d.1842, seinare eigar. Til øvre Bjørnstad.

Jon

Ole f.1792, hadde sønnene Erland f.ca.1820 og Erland f.ca.1822
Hans f.ca.1795, g.m. Rønnov Svensdtr. Rottenseige f.ca.1802 d.1886. Til Brenhaug.
Erland 1797-1861, seinare brukar

Eldste sonen Peder Erlandsen fekk i 1807 skjøte frå mora på øvre Lien 7 skinn for 400 rd. Mora og broren Østen fekk føderåd i 1815 da det var skifte etter faren. Broren Hans fekk utbetalt arven i 1823

I 1828 selde og skjøta Peder Erlandsen garden øvre Lien 7 skinn til broren Tord Erlandsen for 400 spd. Peder tok att føderåd, bl.a. skulle han ha eit udyrka jordstykke Brændhaugen som han skulle opparbeide. Men alt i 1831 skjøta Tor Erlandsen attende øvre Lien til broren Peder Erlandsen for 100 spd.

I 1834 var det auksjon over øvre Lien 7 skinn, og Erland Erlandsen fekk tilslaget for 880 spd. og fekk skjøte i 1836. Østen Erlandsen fekk føderåd. Erland vart 1838 gift med Anne Syversdotter Roe, Heidal 1805-1873 dotter til Syver Ro. Erland og Anne hadde 4 barn:

Erland f.1839, neste brukar
Syver 1841-1847
Ingeborg f.1843
Anne f.1845, seinare

I 1865 var Erland Erlandsen f.1839 gardbrukar og sjølveigar. Som føderådsmann vart han 1875 gift med Anne Hansdtr. Løkken Sveinløkken f.ca.1855 dotter til Hans Olsen Sveine, Lom. Erland og Anne var i 1876 husmannsfolk i Nylykkja under Stokstad. Erland og Anne hadde 1 barn:

Erland 1876-1878

Anne Erlandsdotter vart 1866 gift med Lars Østensen Hovda, Heidal 1830-1883 son til Østen Syversen Ro n. 1793-1834 og Mari Larsdtr. Hovda 1799-1881. I 1873 var det skjøte frå Erland Erlandsen til Lars Østensen Hovdet for 900 spd. samt føderåd til Erland. Lars og broren Syver overtok Hovda ca. 1849. Lars kjøpte i 1869 Lauvrusten og familien budde truleg der før dei kjøpte øvre Lien. Lars og Anne hadde 4 barn:

Mari f.1869, seinare brukar
Anne f.1872
Østen f.1875
Erland f.1878

I 1902 var det auksjonsskjøte til Syver Ø Hovdet for kr 2200. I 1887 vart det tinglese ein panteobligasjon frå enkja Anne Syversdtr. Lien til Syver Østensen Hovdet på kr 1100, men

det er uklårt når han faktisk overtok. Syver Østensen Hovdet 1827-1902 var bror til Lars. Syver var gift med Mari Olsdotter Steinehaugen 1832-1925 og dei dreiv ein del av Hovda i Heidal til sonen overtok. Syver og Mari hadde 1 barn:

Øistein Hovde, Heidal 1854-1945, g.m. Ingrid Pålsdtr. Blessom n. 1846-1937. På Uleberg I 1900 budde tre barnebarn saman med Syver og Mari, dei var barna til sonen Øistein Hovde:

Sigurd Ø Hovde 1885-1922, neste brukar

Pauline 1887-1986

Mari 1890-1969

I 1910 var det den ugifte Sigurd Ø Hovde 1885-1922 som var bestyrar for gardsdrifta. Saman med Sigurd budde bestemora Mari f.1832. Sigurd vart seinare gift med Guri Hansdtr. Snerle 1891-1950, dei overtok nordgard Blessom i 1913.

Det ser ut til at Hans P Bårstad overtok i 1914 da han skreiv panteobligasjon til Sigurd Ø Hovde. Hans P Bårstad 1866-1938 var son til Peder Thorsen Bjørnstad ø. på Baarstad f.1831 og Ingebjørg Johannesdtr. Hans var gift med Mari Larsdotter Lien 1869-1943 frå her. Hans og Mari hadde 8 barn:

Inga 1895-1984, g.m. Tor O Haugen 1891-1978. Til Brennhaug.

Peder 1897-1978, neste brukar

Ludvig f.1898

Anne f.1901, g.m. Hans J Rusten f.1900

Gunild f.1903

Johannes 1907-1985, g.m. Marit Skaug f.1918. Til Nerlien.

Erland f.1909, g.m. Åse Signe Vangen 1923-2014

Hans 1917-1932

Per Bårstad 1897-1978 overtok etter faren i 1927. Han vart 1944 gift med Ragnhild Ellefsen f.1921 frå nedre Lykkja, dotter til John O Larsløkken Ellefsen, Heidal 1887-1950 og Inga Rusten 1894-1933. Per og Ragnhild hadde 2 barn:

Mari f.1945, neste brukar

Jorunn f.1947, g.m. Ragnar Løkken f.1939. Øvre Lykkja.

Mari Lien vart 1967 gift med Ivar Røe, Tolga f.1942 son til Ole Røe f.1912 og Kjellfrid Lien f.1918. Mari og Ivar overtok i 1978, dei har 4 barn:

Per Ove f.1969, neste eigar

Ola f.1979

Lars f.1981

Ingvild f.1988

Per Ove Røe er sambuar med Wenche Akslen.

Baksidevegen 251, Fossheim 1 gnr. 159 bnr. 6 vart frådelt frå øvre Lien i 1940 med skjøte 1941 frå Per Bårstad til Magnus O Løkken. I 1961 var det skjøte frå Magnus O Løkken til Trygve J Løkken f.1923. Trygve var gift med Marit Rakkstad, dei hadde 1 barn: Asbjørn

1960-1996. Ewa Barbara Papacz f.1963 og Krzysztof f.1957 har heimel til eigedommen frå 2016.

Baksidevegen 247, Fredly gnr. 159 bnr. 7 vart 1947 frådelt frå øvre Lien med skjøte frå Per Bårstad til Inga Vangen f.1895. Inga Sofie Løvrusten 1895-1974 var gift med Ole Olsen Vangen f.1900. Inga og Ole hadde dottera Ase 1925-2014, ho var gift med Erland Baarstad 1909-1984. I 1965 var det skjøte frå Inga Vangen til Aase Bårstad. Arve Barhaugen f.1956 har heimel til eigedommen frå 2023.

Baksidevegen 249, Fossberg gnr. 159 bnr. 8 vart 1947 frådelt frå øvre Lien med skjøte frå Per Bårstad til Knut P Fossen f.1921. Arve Barhaugen f.1956 og Magni Barhaugen f.1954 har heimel til eigedommen frå 1996.

Baksidevegen 245, Fossbu gnr. 159 bnr. 9 vart 1951 frådelt frå øvre Lien med skjøte frå Per Bårstad til Erland H Bårstad 1909-1984. Ektefelle Aase Bårstad overtok ved uskifte i 1984. Anne Mari Røe f.2001 har heimel til eigedommen frå 2024.

Lykkjegrende 7, Knutstad gnr. 159 bnr. 11 vart 1966 frådelt frå øvre Lien med skjøte frå Per Bårstad til Knut J Løkken 1930-1972. I 1975 vart det tinglyst heimelsovergang til syskjena Ola J Løkken f.1918, Hans J Løkken f.1919, Trygve J Løkken f.1923, Pål J Løkken f.1927 og Ragnhild Baarstad f.1921. Desse overdrog samtidig med skjøte til Jorunn Baarstad f.1947. Rosita Annie Løkken f.1958 har heimel til eigedommen frå 2023.

Lykkjegrende 54, Svingen gnr. 159 bnr. 10 vart 1960 frådelt frå øvre Lien med skjøte frå Per Bårstad til Pål J Løkken f.1927. Ane M Rønningen Lien f.1994 og Kristoffer Lien f.1989 har heimel til eigedommen frå 2022.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Engen, 2011: Gards- og slektshistorie for Heidal

Orrhaugen

Knut Iversen Lieneige f.ca.1795 d.1851 vart 1823 gift med Marit Gudbrandsdotter Lien f.ca.1801 d.1875. Knut og Marit vart ved barnefødsler nemnde som husmannsfolk på øvre Lieneige eller Aarhaugen under Øvrelien frå 1827. Knut og Marit hadde 5 barn:

Anne f.1823

Marit f.1827, hadde dottera Marit Hansdtr. f.ca.1854

Iver f.1830

Ole f.1835, neste brukar

Ymbjør f.1839

Ole vart 1867 gift med Anne Syversdotter Fossen Tolstadeige f.ca.1844 dotter til Syver Gulbrandsen Fossen. Ole var i 1865 og 1875 husmann med jord på Aarhaugen. Ved folketeljninga i 1891 var familien på Aarhaugen. Ole og Anne hadde 8 barn:

Marit 1866-1867

Imbjør f.1868

Anne f.1873

Marit f.1873

Kari f.1877

Syver f.1880

Knut f.1883

Olaves f.1886

I 1900 var Ole Olsen Storsteinrusten, Lom 1841-1927 inderst på Aarhaugen. Ole var frå Vetløygarden i Bøverdalen, og var tidlegare i Storsteinrusten i Nordherad. Ole var gift med Ingebjør Syversdotter Grev 1852-1904. Ole og Ingebjør hadde 2 barn:

Mari 1891-1978, g.m. Ole Resvold 1892-1967

Marit 1895-1976, g.m. Ola Flåten. Til Kongelhaugen i Lom.

Århaugen gnr. 159 bnr. 2 vart 1914 frådelt frå øvre Lien gnr. 159 bnr. 1 med skjøte frå Hans P Baarstad til overretssakfører H Scholdager, Oslo for kr 3300.

I 1917 fekk Peder P Fossen bygselkontrakt på Orrhaugen. Peder var i 1920 forpaktar. Peder 1879-1953 var son til Peder Olsen Lauvrusten Fossen f.1852 og Mari Pedersdotter Kleiven f.1843. Peder var gift med Marit Olsdotter Svarvarhaugen 1882-1923 dotter til Ole Knutsen Svarvarhaugen 1844-1922 og Else Olsdotter Plassen 1858-1942. Peder og Marit hadde 4 barn:

Mari f.1911, neste brukar

Paal f.1913

Ola f.1915

Einar f.1918

Mari Fossen vart 1932 gift med Ingvald Løkken 1905-1968 son til Ola O Sagstuen, Heidal på Løkken ø. og Mari Rusten. Ingvald kjøpte Orrhaugen i 1953. Ingvald og Mari hadde 6 barn:

Ola f.1932

Per f.1934

Magne f.1939, neste eigar

Magnus f.1942, g.m. Gerd Nørjordet, Lom

Helge f.1947, g.m. Astrid Risheim

Else f.1951, g.m. Jonny Johansson

Magne overtok i 1984. Han vart 1971 gift med Synnøve Bårstad f.1951 dotter til Erland Bårstad f.1909 og Åse Signe Vangen f.1923. Magne og Synnøve har 2 barn:

Ingvar f.1972

Elisabeth f.1977

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljningar, kyrkjebøker

Brenhaug

Hans Erlandsen Lien f.ca.1794 frå øvre Lien vart 1821 gift med Rønnov Svensdotter 1802-1886. Familien var ved barnefødsjar husmannfolk på Barhaugen Rottenseige frå 1824 til 1841, i 1845 var dei inderstar i øvre Lien. Enkja Rønnaug var i 1865 føderådskone på Brændhaug. Hans og Rønnov hadde 6 barn:

Eli f.1824

Erland f.1827, neste brukar

Ingeborg 1830-1896, ugift.

Peer f.1834, g.m. Mari Pedersdotter Tolstadeige f.1834. Til Spelmannstugu.

Rønnoug 1841-1879, ugift.

Anne 1845-1899, g.m. Christopher Hansen Stadeeige Stadelykkja 1850-1928

Erland var i 1865 og 1875 husmann med jord på Brændhaugen. Erland vart 1863 gift med Guro Andersdotter Øverli, Lom 1841-1874 dotter til Anders Johnsen Bakken. Erland og Guro hadde 5 barn:

Rønnoug f.1862

Guro f.1865

Berit f.1871

Hans f.1868

Erland 1874-1874

I 1900 var Paul Olsen Mørk, Sandsvær f.1827 husmann og smed på Brenndhaugen. Paul var son til Ole Paulsen Mørk. Paul vart 1869 gift med Anne Pedersdotter Grenet, Sel f.1845 dotter til Peder Gulbrandsen Grenet. Ved barnefødsjar var Paul og Anne på Brenndhaug frå 1881. I 1910 budde budeia Anne i stugu på Brenndhaug. Paul og Anne hadde 4 barn:

Pauline f.1875, hadde dottera Juliane f.1900, faren var Anton Teodorsen Aasmoen f.1873

Jonna Mari f.1881

Lina f.1883

Petter f.1888

Brændhaugen gnr. 159 bnr. 4 vart 1915 frådelt frå øvre Lien gnr. 159 bnr. 1 med skjøte frå Hans P Baarstad til dottera Inga H Baarstad for kr 3000. Inga var frå øvre Lien dotter til Hans P Baarstad og Mari Lien. Inga 1895-1984 vart 1918 gift med Tor O Haugen 1891-1978, dei hadde 1 barn:

Ola Magne f.1931, neste eigar

Ola overtok i 1960. Han vart 1961 gift med Bjørg Tessnes f.1940 dotter til Thor Tessnes og Ragnhild Tessand. Ola og Bjørg hadde 2 barn:

Reidun f.1963, neste eigar

Torhild f.1965, g.m. Stig Vole

Reidun overtok i 1985. Reidun vart 1985 gift med Jonny Stadeløkken f.1955 son til Sigurd Stadeløkken f.1926 og Margit Bolstadløyken f.1925. Reidun og Jonny har 2 barn:

Thor f.1985

Ola f.1989

Lars Amund Røe f.1981 og Linda Therese Steen Røe f.1985 har heimel til eigedommen frå 2023.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Eide

Manntalet 1666 nemnde Eide som rydningsplass, oppsitjar var Michel Guttormsen f.ca. 1611. I jordebok 1675 og 1678 vart Eide oppført som rydningsplass utan landskyld, i 1680 var Eide skyldsett til 2 skinn krongods med brukar Mikkell Eyde. Truleg hadde Meckel sønnene:

Oluf, neste brukar

Gunder f.ca.1645, soldat i 1666

Oluf Meckelsen var gift med Aagaat Torsdotter. Det var skifte etter dei i 1702, men det kan ha vore i levandes live for Ole Michelsen vart nemnd i skoskatten 1711. Ole og Aagaat hadde 2 barn:

Kari, neste brukar

Sirri

Eide 2 skinn vart i 1692 saman med ei mengde jordgods med i kongeskjøte til fru Margaretha Wilders som avkorting av gjeld, ho var enkja etter handelsmannen Frederick Werdelmann i København.

Skoskatten 1711 nemnde Iver Eide med kvinne og 2 barn. Ifuer Jacobsen d.ca.1717 var gift med Kari Olufsdotter som var dotter til førre brukaren. Matrikkelutkastet 1723 viser at eigar av Eide 2 skinn var Siver Polsen Boelstad medan brukaren var enkja Karen Olsdotter. Iver og Kari hadde 4 barn:

Kari f.ca.1697 d.ca.1754, neste brukar

Jacob f.ca.1707

Mechel f.ca.1710, hadde dottera Marit f.1739

Anders f.ca.1715

I 1723 bygsla Siver Povelsen Boelstad bort Eide 2 skinn til soldat Anders Joensen. Anders skulle ekte enkjas dotter Kari Iverdatter. I 1740 var det skjøte på Eide 2 skinn frå Poul Siversen Bolstad til Anders Jonsen for 300 rd. Det står da at Anders og forfedrane hadde teke

det opp frå øydemark. Anders Jonsen gjorde samtidig avtale med Ole Iversen Moe om at Ole skulle leggje ut for plassen mot at han skulle ha halvparten av avlinga.

Kari Iversdotter døydde ca. 1754. Broren Jakob f.ca.1707 hadde sonen
Iver f.ca.1744, neste brukar

Også bror til Kari, Anders Iversen f.ca.1708 d.ca.1770 ser ut til å ha budd på Eide (skifte etter Anders var på Eide). Anders Iversen vart 1750 gift med Ragnhild Olsdotter f.ca.1730 d.1773, dei hadde 4 barn:

Kari f.1750, g.m. Ellef Pellervigen

Marit f.ca.1753

Sigri f.ca.1756, g.m. Knut Knutsen Aasen f.ca.1745 (fekk utbetalt arven etter faren i 1784)

Ole f.ca.1761, (fekk utbetalt arven etter faren i 1786)

Iver Jacobsen Ejde lånte i 1770 500 rd av Iver Gulbrandsen Snerle mot pant i Eide 2 skinn. I 1773 var det skjøte frå Iver Jacobsen til Iver Gulbrandsen Snerle på Eide 2 skinn for 650 rd. I over 100 år vart Eide eigd og brukt av sygard Snerle.

Det gamle gardstunet på Eide låg nørdest og øvst på jordet av det som nå er Turtum, like ved tunet på søre Eide. Både jord og hus fekk stor skade i storofsen 1789. Før dette var det ein familie på Eide under Snerle som det står. Ole Amundsen Eide f.1761 var gift med Mari Eriksdotter f.1768. Ole og Mari hadde 1 barn:

Amund f.1788

I 1904 var det skjøte på Snerle og Eide frå Paul Kristensen og hustru til Ole Paulsen, i 1900 er Ole oppgjeve som eigar og faren Paul som føderådsmann så Ole har nok overteke før.

Svarverhaugen gnr. 160 bnr. 3 vart frådelt frå Eide i 1904.

Sørhaugen gnr. 160 bnr. 2 (nå Turtum) vart frådelt frå Eide i 1905.

Eit areal vest for Lauvrusten, Ødegaarden søndre gnr. 160 bnr. 5 vart i 1909 overskjøta frå Ole Paulsen Snerle til Iver Amundsen Løvrusten for 230 kr. Også søre delen nedanfor vegen på Turtum heiter Øygarden. Dette kan tyde på at det her har vore eit gardsbruk i tidlegare tider.

Eideteigen gnr. 160 bnr. 4 vart i 1906 frådelt frå Eide gnr. 160 bnr. 1, Ole Paulsen Snerle hadde hjemmel av skjøte 1906 og dette følgde sygard Snerle fram til 1948-1950. I 1935 var det skjøte på Eideteigen gnr. 160 bnr. 4 frå umyndiggjort Ole P Snerle til Mathias P Snerle for 4000 kr.

Eideteigen gnr. 160 bnr. 4 vart i 1948 skylddelt til bnr. 4 hovudbølet, bnr. 8 Eide skog, bnr. 9 Eideteigen og bnr. 10 nørde Eide skog. Bnr. 8 vart seld til Rønnaug og Marit Lauvrusten som i 1958 selde vidare til Ola Brenden. Bnr. 9 vart seld til Søre Eide medan bnr. 10 vart seld til nørde Eide. Bnr. 4 vart seld til Turtum i 1950.

Eide søre

I 1907 var det skjøte på Eide gnr. 160 bnr. 1 frå Ole Paulsen til Peder Smedstuen for 3000 kr. Peder Pedersen Smedstuen, Sel f.1864 var son til Peder Paulsen Smedstuen, Sel 1819-1874 og Kari Olsdtr. Blækkestad f.ca.1821. Per P Eide som han vart heitande var gift med Mari Olsdotter Bråtå, Sel 1872-1952. Ved barnefødsalar var familien i Sel i 1900 og 1901, i Nord-Fron i 1903 og i Vågå frå 1905. I folketeljinga 1900 vart familien registrert i Taulstadskriu. Per og Mari hadde 6 barn:

- Kari f.1900, g.m. Ivar Mellesmo, Alvdal f.1890
- Ola 1901-1984, neste brukar
- Paal f.1903
- Ragnhild f.1905
- Sigurd f.1908, til nørdrø Eide
- Petter f.1911

Ola overtok etter faren i 1936, han vart 1926 gift med Borghild Kleiven nørdrø 1906-1995, dotter til Ola Kleiven 1877-1936 og Ingeborg Svelstad, Sel 1879-1932. Ola og Borghild hadde 6 barn:

- Per 1926-1940
- Ingrid f.1928
- Olaf f.1929
- Magnus f.1934, neste brukar
- Borgny f.1936

Magnus overtok i 1973. Han vart 1960 gift med Liv Sandum f.1939 dotter til Bernhard Sandum f.1915 og Kari Lauvrud f.1921. Magnus og Liv har 2 barn:

- Brit f.1966, neste brukar
- Kari f.1973, g.m. Nader Mansouri

Brit overtok i 1998, ho vart 1991 gift med Tor Reidar Dahl, Sel f.1968 son til Tor Egil Dahl f.1948 og Eva Alfsen, Skien f.1949. Brit var sbm Bjørn Torgersen, Lillehammer f.1962, dei har 1 barn:

- Thomas f.1987

Brit og Tor Reidar har 1 barn:

- Joachim f.1991

Anders Rønningen f.1982 har heimel til eigedommen frå 2010.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Ivar Turtum: opplysning om det gamle gardstunet

Eide nørdrre

Nørdrre Eide gnr. 160 bnr. 7 vart frådelt frå Eide gnr. 160 bnr. 1 i 1932 med skjøte frå Per Eide og hustru til sonen Sigurd Eide. Sigurd Eide 1908-1982 vart 1936 gift med Barbro Kleiven nørdrre 1914-2001, dei hadde 4 barn:

Pål f.1937, neste brukar
Martha 1939-2002, g.m. Ottar Løkken f.1933
Astrid f.1941
Ottar f.1943

Pål Eide overtok i 1973, han vart 1967 gift med Randi Rindhølen, Heidal f.1947 dotter til Otto Rindhølen f.1900 og Kari Brenden f.1907. Pål og Randi hadde 2 barn:

Torhild f.1969, sbm. Gjermund Øihusom
Roar f.1971, neste brukar

Roar Eide f.1971, sbm Bente Løkken, dei har 2 barn:

Anette f.1995
Espen f.1996

Baksidevegen 261, gnr. 160 bnr. 7 f.nr. 1

I 1946 var det bygsel på denne tomta frå Sigurd P Eide til broren Pål P Eide f.1903. I 1961 var det skjøte på hus med festerett frå Pål P Eide til Ottar Løkken. Ottar Løkken f.1933 var gift med Martha Eide 1939-2002. Heidi Løkken Karsten f.1971 og Bernd Karsten f.1970 har heimel til festeretten frå 2003.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Sørhaugen – Turtum

Ole Knutsen Baarstadeie f.ca.1804 d.1882 var son til Knut Knutsen Svastugu f.ca.1762 og Ingri Olsdotter f.ca.1768. Ole vart 1828 gift med Anne Michelsdotter Skaarseie 1804-1889 dotter til Mikkel Amundsen Skurdal Qvernhusbakken f.ca.1773 d.1844 og Kari Knutsdotter f.ca.1777. Ved barnefødsler var Ole og Anne frå 1832 husmannsfolk på det som vart nemnd som Sørhaugen under Snerle, Snerleeie eller Eideeie. Ole og Anne hadde 9 barn:

Ingri 1828-1828
Knut f.1830
Amund 1832-1895, neste brukar
Kari 1835-1839
Ingri 1837-1862
Ole f.1843
Hans f.1845

Kari 1848-1848
Anders f.1850

Amund Olsen Sørhaugen 1832-1895 vart 1863 gift med Marit Iversdotter Weggumeie Kleivsletten/Slettmo, Sel 1841-1877 dotter til Iver Gulbrandsen Weggumseie frå Sørlien f.1804 og Rønnaug Thoresdr. Bjølstadeie. Amund og Marit hadde 2 barn:

Ole 1861-1910, neste brukar
Rønnoug f.1868, ugift, hadde føderåd på Sørhaugen i 1920

Sørhaugen vart frådelt frå Eide i 1904, truleg omfatta arealet søre delen av det gamle Eide og dermed mykje meir enn det som var den gamle husmannsplassen Sørhaugen som låg ovanfor. I 1905 var det skjøte på Sørhaugen gnr. 160 bnr. 2 frå Ole Paulsen Snerle til Ole A Sørhaugen for 2000 kr. Ole var gift med Marit Eriksdotter Nordrumsløkken, Ringebu f.1867, dei hadde 3 barn:

Amund 1888-1909
Edvard 1895-1915
Ragnhild f.1900, neste brukar

Ragnhild O Sørhaugen var gift med Iver P Grønn, Sel f.1894. I 1920 var dei gardbrukarar på Sørhaugen. Også syskjena til Iver, Ola f.1897 og Anne f.1899 budde på Sørhaugen. Iver kjøpte nedre Dale på Sel og flytta dit i 1926. Iver og Ragnhild hadde 6 barn:

Paul f.1919
Mari f.1924
Olaf f.1929
Anton f.1931
Ragna f.1935
Einar f.1941

I 1926 var det skjøte frå Mari Eriksdotter Sørhaugen som sat i uskifta bu etter Ole A Sørhaugen til Kristen Turtum for kr 10000. Kristen Turtum kjøpte Turtum (Eide søre) i 1925 og bygde opp nytt gardstun, det gamle tunet var oppe på Sørhaugen. Kristen Turtum, Lom 1887-1974 var son til Ola Eiriksen Sæterdalen s. 1852-1925 og Rønnaug Olsdr. Randen f.1850. Kristen var gift med Else Stamstad, Lom 1888-1955 dotter til Hans Pålsen Stamstad s 1850-1928 og Embjørg Olsdr. Lykre, Skjåk 1859-1940. Kristen og Else hadde 2 barn:

Olav f.1919, neste brukar
Ingebjørg 1921-2022, g.m. Johan Haugen f.1922 (bror til Gudrun)

Olav overtok i 1935. Olav vart 1947 gift med Gudrun Haugen, Sel f.1926 dotter til Iver Haugen 1885-1959 og Guri Svelstad 1887-1969. Olav og Gudrun hadde 4 barn:

Kristen f.1947, g.m. Guri Løken
Ivar f.1953, g.m. Astrid Grønli f.1957
Einar f.1956, g.m. Ingvill Storli
Ove f.1960, neste brukar

Ove Turtum overtok i 1983. Han vart 1993 gift med Kari Slåen, Sel f.1960 dotter til Magnus Slåen f.1917 og Ida Vassrusten, Nord-Fron f.1925. Ove og Kari har 3 barn:

Marte f.1990

Erlend f.1992

Ingrid f.1996

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden, 2002: Bygdabok for Lom 2

Svarvarhaugen

I følgje Ivar Turtum har Svarvarhaugen vore i slekta sidan ca. 1700. Midt på 1700-talet var brukaren Knut Haugen, han hadde dottera:

Marit 1757-1834, neste brukar

Svarvarhaugen var husmannsbruk under Eide som låg under sygard Snerle frå 1773. Ivar Kleiven skreiv at «Gamel-Haugjin», Knut Svarvarhaugen vart kalla Eie-busin fordi han var oppale i Eide. Vidare skreiv han at da Knut gifta seg så flytta han til Svarvarhaugen som han nærast både rydda og bygde og velte om med hus og jord så han berga seg godt. Knut Amundsen 1755-1842 var frå Skurdal son til Amund Knutsen Skurdal 1728-1811 og Karen Michelsdr. f.ca.1730 d.1804. Knut vart 1779 gift med Marit Knutsdotter 1757-1834. Knut og Marit hadde 4 barn:

Kari f.1779

Iver 1785-1831, g.m. Rønnov Stenersdotter Nettet f.ca.1786 d.1849. Til Skurdal,
pottemaker

Knut 1788-1866, neste brukar

Amund 1793-1823, g.m. Gunnild Thorsdr. Bolstadløyken 1788-1859

Knut Knutsen skreiv i 1811 husmannskontrakt med Iver Christensen Snerle. Knut vart 1810 gift med Marit Stenersdotter Stokstadnesset n. 1784-1868 dotter til Stener Olsen 1747-1812 og Brith Povelsdr. f.ca.1754 d.1796, dei hadde 6 barn:

Marit f.1811, g.m. Ole Larsen Odden 1810-1866. Til Hanslien.

Knut 1814-1897, neste brukar

Poul f.1817. Bakken på Sel.

Stener 1821-1890, g.m.Guri Olsdr. Sandbueige f.ca.1828. Steinstugu på Lalm.

Brith 1824-1916, g.m. Jakob Snerle Kleiven 1803-1884. Til Kleiven s.

Amund f.1827 d.1918, g.m. Rønnog Johnsdtr. Rottem f.ca.1828 d.1916. Til Lauvrusten.

Knut Knutsen vart 1837 gift med Thora Olsdotter Skaar ø. 1814-1902 dotter til Ole Knutsen Skaar f.ca.1783 d.1866 og Ingri Jonsdr. Glimsdal/Øy f.ca.1777 d.1852. Husmannskontrakt med Tord Snerle er frå 1838, medan føderådskontrakt med foreldra er frå 1843. Knut og Thora hadde 9 barn:

Marit f.1838

Knut 1840-1846
Ole 1843-1843
Ole 1844-1922, neste brukar
Knut f.1847, g.m. Nikoline Gunvaldsdr. Saastad f.1856
Ingri f.1849
John f.1852
Barbro 1855-1855
Paul f.1857

Ole Knutsen vart 1872 gift med Ragnhild Iversdotter Kobbersletten f.ca.1851 d.1875 dotter til Iver Hansen Kobbersletten. Ole og Ragnhild hadde 2 barn:

Knut 1872-1937, g.m. Rønnaug Johnsdtr. Løkken f.1868, til Furuheim
Iver f.1875

Ole Knutsen vart i 1880 gift på nytt med Else Olsdotter Plassen 1858-1942 dotter til Ole Syversen Pladsen. Ole og Else hadde 7 barn:

Thora f.1880. Til Raufoss.
Marit 1882-1923, g.m. Peder Pedersen Fossen 1879-1953
Iver 1885-1959, g.m. Guri Svelstad 1887-1969. Til Nersæter og Kleivsletten i Sel. Dei hadde 11 barn: Kari f.1909, Olav f.1910, Ella 1913-2003, Inga 1914-1981, Ragnhild f.1917, Olaf 1919-1935, Johan f.1922, Ivar f.1924, Gudrun f.1926, Bergljot f.1928, Arne f.1930

Ragnhild f.1888
Pauline 1890-1940
Ole 1893-1946
Kari 1897-1908

Svarverhaugen gnr. 160 bnr. 3 vart frådelt frå Eide i 1904 med skjøte frå Ole Paulsen Snerle til Ole K Svarverhaugen for 1600 kr.

I 1942 var det skjøte frå Else Haugen til sonsonen Olav I Haugen f.1910, son til Iver Haugen 1885 -1959 og Guri Svelstad 1887-1969.

Kari Haugen Båtstad 1909-1985 overtok i 1948 etter broren Olav Haugen. Kari vart 1936 gift med Ola Båtstad 1911-1993.

Ivar Turtum f.1953 overtok i 1974 etter Kari Båtstad som var syster til mora. Ivar er son til Olav Turtum f.1919 og Gudrun Haugen, Sel f.1926. Ivar vart 1980 gift med Astrid Grønli f.1957 dotter til Oddvar Grønli, Ålen f.1928 og Gunvor Johansen, Ringebu f.1933.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Ivar Kleiven: I gamle Daagaa
Mari Lien, sagt og skrivi 1996: Laust og fast omkring Knut Hamsun og Ivar Kleiven

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel, 2005: Folket i Veggumsgrenda
Iver Turtum: Skriv om Svarvarhaugen